



KOPI

Mette Kyed Thorson

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4760 - 22/59502

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
09.08.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 106/100 Fanebust

Tiltak: Tilbygg, heve takkonstruksjonen og mellombels anleggsveg
Byggjestad: Gbnr: 106/100
Tiltakshavar: Ole Jarle Malkenes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om tiltak utan ansvar for oppføring av tilbygg, heving av takkonstruksjon og mellombels anleggsveg den 10.06.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Oppdatert søknad og erklæring om ansvarsrett
Søknad om heving av takkonstruksjon er eit tiltak som krev bruk av ansvarlege føretak, jf. plan- og bygningslova § 20-3. Det må sendast inn oppdatert søknad der rolla som ansvarleg søkjar og prosjektering og utføring av tiltaket er dekkja av ansvarsrett frå ansvarlege føretak. Alternativt kan heimelshavar søkja om personleg ansvarsrett for tiltak på eigen fritidsbustad.

Vi gjer merksam på at når delar av eit tiltak krev bruk av ansvarlege føretak må heile tiltaket vera dekkja av ansvar.

2. Søknaden må supplerast med naboerklæring eller dispensasjon frå plan- og bygningslova § 29-4.
Avstand til nabogrense mot gbnr 106/7 og 106/164 er mindre enn 4 meter.
Det går fram av plan- og bygningslova § 29-4 at kommunen kan godkjenne at tiltak vert plassert nærare nabogrense dersom nabo har gitt samtykke eller det vert søkt om dispensasjon.
3. Plassering av mellombels anleggsveg må inngå i søknaden dersom han skal plasserast for lengre tidsrom enn 2 månadar.
Mellombels veg som skal plasserast for mindre enn 2 månadar krev ikkje byggeløyve, medan mellombels tiltak som skal plasserast for inntil 2 år krev søknad og løyve der tiltakshavar kan stå for søknaden. Dersom anleggsvegen skal plasserast for lengre tidsrom må det sendast inn

søknad av ansvarleg føretak. Nødvendig avklaring i forhold til plangrunnlaget vil då også vera nødvendig.

Anleggsvegen si plassering og breidde må førast på situasjonsplanen og nødvendig teikningsdokumentasjon må sendast inn. Dersom postvegen skal nyttast til anleggstrafikk må dette avklarast særskild med Statens vegvesen.

Det er oppgitt i søknaden at tiltakshavar har vegrett fram til gbnr 106/7 og rett til parkeringsplass på denne eigedomen. Den etablerte vegen på strekninga frå den Trondhjemske postveg og fram til gbnr 106/7 er ikkje lovleg etablert, jf. avslag på søknad om legalisering av vegen gitt i vedtak datert 28.06.2017. Det er gitt varsel om tilbakeføring av tiltaket. Ein eventuell mellombels anleggsveg må derfor omfatta heile strekninga frå den Trondhjemske postveg og fram til gbnr 106/100.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **30.09.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levera ein komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mette Kyed Thorson

Mottakarar:

Ole Jarle Malkenes

Kirsten Flagstads Vei 20

5146

FYLLINGSDALEN